



OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Industrikonsulenten på Osterøy, Osterfjord Reiselivslag, Vaksdal Næringssekskap AS,
Næringskonsulenten i Modalen

Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM

Under etablering ved Osterøy vidaregåande skule

Prosjektplan pr 24.5.06 vedlagt eller sjå www.osteroyindustriag.no/indkons under nyhende.

Status pr 24.10.06

Prosjekt i regi av Osterfjord Næringsamarbeid med "Komite for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule" som prosjektstyre.

Sekretariat: Lars Mjøs

Prosjektleiurar: Leif Tore Solberg og Torgeir Njåstad

Frå skulestart hausten 2006 er verkstaden oppgradert frå berre manuelle maskiner til verkstad med førebels **3 styrte maskiner og programvare:**

1 stk dialogstyrt dreiebenk

1 stk dreiebenk med ISO-programmering

1 stk maskineringssenter med ISO-programmering

EdgeCAM, 25 lisensar

Solid Edge

Skulen har opplevd **sterk auke interessa for tekniske fag.**

2 stk VG1-klassar i Teknikk og industriell produksjon med 26 elevar.

So langt har **14 av elevane fått praksis** 1 dag pr veke i 5 Osterøyverksemdar med moderne og avansert maskinutstyr.

Fagkoordinator (hovudlæraren) har praksis 1 dag pr veke i lokale bedrifter for CNC-opplæring.

2 hjelpelærarar frå næringslivet med solide CNC-kunnskapar er engasjerte.

Hordaland fylke har valt ut prosjektet som 1 av 2 prosjekt som har fått støtte under "**Program for samarbeid mellom vidaregåande skular, næringsliv og lokalsamfunn**"; for 2006 kr 400.000 av potten på kr 500.000. Kan søkje på nytt i 2007/08.

Fylkestinget har vedteke å **bygge ny Osterøy vidaregåande skule**, innflyttingsklar til skulestart i 2010. Her vil KAM få tilgang til vesentlig betre verkstadlokale.

Skrikande behov for CNC-operatørar

Me opplever no både lokalt, regionalt og nasjonalt ei vesentleg underdekning i trongen for kompetente CNC-operatørar. Prosjektet har fått støtte-erklæringar frå 13 bedrifter i Bergen og omland. Desse representerer ca 2500 arbeidsplassar med over 250 avanserte CNC-maskiner.



OSTERFJORD NÆRINGSSAMARBEID

Industrikonsulentene på Osterøy, Osterfjord Reiselivslag, Vaksdal Næringssekskap AS,
Næringskonsulentene i Modalen

Prosjektet/ etableringa av KAM er avhengig av meir støtte:

Før nytt skule-/verkstadbygg:

Fleire praksisplassar, serleg utanfor Osterøy, for elevar (både VG1 og neste skuleår VG2) og vaksne under opplæring,.

Midlar til meir maskinutstyr, m.a. moderne robot.

Midlar til rekruttering og opplæring av undervisningspersonell.

Framskunding av opning av nytt skule-/verkstadbygg.

Kundar/industrikundar som vil kjøpe opplæringstenester.

Ved opning av nytt skule-/verkstadbygg:

Som over.

Midlar til kjøp av moderne maskinpark slik at KAM kan verte eit nasjonalt kompetansesenter.

Prosjektet har så langt oppnådd følgjande finansiering (i 1000 kr):

	06-08
Løyving frå kompensasjonsstyret til maskinkjøp	300
Gåver knytt til maskinkjøp over (differanse kjøpesum og marknadsverdi)	200
Eigeninnsats skisse- prosjektering av nytt skulebygg (i 2005)	50
Løyving frå kompensasjonsstyret til prosjektering av nytt skulebygg	240
Løyving frå kompensasjonsstyret til prosjekt "Avansert maskinering og robothandtering"	50
Løyving frå Regionalt næringsfond for Osterfjord til prosjekt "Avansert maskinering og robothandtering"	50
Tilskott frå Hordaland fylkeskommune, førebels for 2006	400
Sum	1.290

Fleire av dei som har ytt tilskott for 2006 er aktuelle å søke om vidare finansiering.

Med helsing Kompetansesenteret for avansert maskinering, KAM

Lars Mjøs
sekretariat
56 19 22 70

lars.mjøs@osteroyindustriag.no

Leif Tore Solberg
prosjektleder
56 39 12 00

itsaktiv@online.no

Torgeir Njåstad
prosjektleder
56 19 40 00

tornja@frisurf.no